

# Bok på 1-2-3

## Kom, la oss finne ein skatt

Av Janosch

Tverrfagleg undervisningsopplegg i norsk, samfunnsfag og matematikk for 1.-4. trinnet, med tema mot og vennskap.

### Tid: 90 minutt

Klassikarar i Bok på 1-2-3: Barnebokskaparen Janosch har gitt oss fantastiske, varme forteljingar med sjarmerande og fargeglade bilete. Desse forteljingane vil vi gjerne gi vidare til nye generasjonar i begynnaropplæringa.

Dette er forteljinga om då den vesle bjørnen og den vesle tigeren leita etter den største lykke på jord.

### Utstyr og førebuing

- Kople opp pc med tilgang til nett og prosjektor.
- Finne fram boka til storskjerm, eller bruke eit fysisk eksemplar.  
<https://www.nb.no/items/d76be9b3a57eeabc4ab0ee80498d217e>
- Matematikk i naturen frå Matematikksenteret:  
<https://www.matematikksenteret.no/nn/l%C3%A6ringsressurser/barnehage/jakta-p%C3%A5-bokstavar-og-talsymbol-i-naturen>



### Formål

#### Norsk

- Utforske og formidle teksten gjennom samtale, leik, rørsle og andre kreative uttrykk.
- Hovudmål: skrivning.
- Sidemål 3. trinn: Utforske forskjellar og likskapar mellom skrivning på hovudmålet og sidemålet.

#### Samfunnsfag

- Reflektere over samanhengen mellom personleg økonomi og forbruk hos den enkelte.
- Samtale om nokre viktige offentlege institusjonar og verksemder i Noreg og reflektere over kva dei betyr i livet til menneske.

#### Matematikk

- Modellere situasjonar frå eigen kvardag og forklare tenkemåtane sine.
- Utforske samanhengar mellom rekneartar.



# 1 Før lesing

(10 minutt)

## Samtale og undring

- Kva ser vi på tittelbladet til denne biletboka? Bjørnen passsar på tauet til tigeren som dykkar under vatn.
- Kva trur de tigeren leitar etter? Ein skatt.
- Praktisk og filosofisk refleksjon: Kva kan ein skatt vere?
- Praktisk og filosofisk refleksjon: Kva kan den største lykke på jord vere?

Læraren seier at no blir det gøy å lese forteljinga *Kom, la oss finne ein skatt*.

# 2 Lesing med stopp for samtale

(50 minutt)

Læraren les høgt og de opplever boka saman. Ta dykk tid til augeblikka, og ver gjerne merksam på kor borna opplever høgdepunkt i lesinga. Teksten og samtalen om boka øver opp dei etiske og estetiske refleksjonane til elevane.

Lag dykk ei god stund, og hugs å sitte godt og avslappa. Vit at alle kan lese nynorsk høgt, og at høgtlesinga er med på å bade elevane dine i nynorsk. Etter LK20 lærer eleven nynorsk som hovudmål frå 1. trinnet, eller som sidemål frå 2. trinnet i opplæringa. Om du vil utvikle opplegget vidare, kan du ta vegar om ein meir performativ og leikbasert litteraturredidaktikk. Det mest sentrale er tid og rom til å undre seg og at det vert lagt til rette for at elevane kan sette ord på kjensler og erfaringar som kjem fram.

## Lesestopp og samtale:

- **Den andre sida etter tittelbladet:** Bjørnen har ikkje fått fisk. Kva gjer han då? Han kokar blomkål frå hagen. Med poteter, salt og litt smør til. Bjørnen er ikkje rådlaus. Kva tyder det? Det tyder å alltid sjå moglegheiter i det ein har.
- **Den fjerde sida, etter «vi går og leitar etter ein skatt!»:** Kva ønsker de dykk av ting og tang? Læraren fortel også om noko hen kan ønske seg.
- **Den åttande sida, etter «Vakkert, ikkje sant?»:** Kva meiner moldvarpen er den største lykke på jord? Det er å høyre godt. Kva høyrer moldvarpen? Gjerdesmetten som syng.
- **Etter de har lese den tiande sida:** Kva er det fisken ropar for? Han ropar om ein flaskepost med eit kart over ein sjørøvarskatt. Kva ordtak seier fisken til bjørnen og tigeren? «Så raskt renn lykka forbi, når de ikkje høyrer etter.»
- **Etter de har lese den fjortande sida:** Kva meiner løva er den største lykke på jord? Det er å ha kraft og mot. Skal de våge å rope eit kraftig løvebrøl i klasserommet?
- **Den attande sida, etter «De kan berre bli med meg, for eg er på veg dit no»:** Kor meiner eselet at den største lykka på jord er? Ho ligg i det fjerne.
- **Etter de har lese den tjuåttande sida:** Kva har den tjukke mannen med motorbåten og vennene

hans gjort? Dei har plukka opp alle levande og daude muslingar som fanst. No er det «svart hav», som fiskarar seier når det er heilt tomt. Kva kjensler får bjørnen og den vesle tigeren då? Dei kjenner seg tomme og framande. Alt er kaldt og djupt, og huset heime er så langt borte.

- **Kva hender på den tjueniande sida?** Ei trane reddar dei. Ho ber dei over havet og heim.
- **På den trettiførste sida** ber bjørnen og den vesle tigeren kvarandre, før dei sovnar tett inntil kvarandre under eit tre. No skal vi også ta ein pust i bakken og lytte til Odd Nordstoga sin song «Det som varer». De kan kvile med hovudet på pulten, på skuldra til kvarandre, eller noko anna som er godt. Du kan stoppe songen på 3:40. <https://open.spotify.com/track/5Uhfo3I5F9IAeJAnoyhlwW>
- **På den trettitredje sida seier ugla Uhu noko underleg. Kva?** «Alt er som regel annleis enn ein trur. Heilt omvendt, faktisk.»
- **Den same sida:** Bjørnen og den vesle tigeren har endeleg funne rikdom i form av nokre gulleple. Kva opplever dei då? At rikdomen er tung å bere.
- **Den trettifjerde sida:** Her seier forfattaren noko klokt. Kva? «Du kan bere berre ein ting om gongen: korga di med gull eller din beste venn.»
- Klarer de reknestykket på **den trettisjette sida?**
- **Etter at sisiken har kalla bjørnen og tigeren for erke-idiotar:** Også sisiken seier noko klokt. Kva er det? «Her driv de baae to og dengjer laus på dykkar beste venn, og det berre på grunn av pengar.»
- **Etter at den fantastiske forteljinga er slutt:** Kva vart lykke og rikdom for bjørnen og den vesle tigeren til slutt?
  - Dei bar kvarandre. Dei krangla ikkje, og slost ikkje.
  - Dei bar ikkje tungt.
  - Det var ingen som stal frå dei. Det var ingenting å stele.
  - Dei kjende seg frie og var ikkje bekymra.
  - Dei hadde ein god og trygg heim der også venner fann seg til rette.
  - Dei laga mat av det dei hadde.
  - Dei greip moglegheitene som dagen gav. Dei kjende lykke av det gode som var rundt dei.

Læraren kan seie: Dette var ei tankevekkande bok! Ho fekk meg til å tenke på at rikdom og lykke ikkje er overflod av pengar, ting og tang. Rikdom og lykke er eigentleg ein venn å lage god mat saman med. Fisk i hav og sjø, grønsaker i åkeren, sopp i skogen, fuglesong og summing frå bier ein solskinsdag.

# 3 Aktivitet

(30 minutt)

Tilpass undervisninga til gruppa og kvar einskild elev:

## Samfunnsfag

Fortel: Kor mykje pengar du har, og kor mykje pengar du brukar, kallar vi vaksne personleg økonomi og forbruk. Alle ungdommar og vaksne som har tent 70 000 kroner eller meir i året, skal betale skatt til staten etter evne. Staten er Noreg.

Vi betaler skatt for å bidra til utgifter i samfunnet. Fordi vi betaler skatt, kan vi ha tilgang til til dømes gratis grunnskuleutdanning, helsehjelp og vegar. Vi betaler for felles godar i samfunnet, og for at dei skal vere tilgjengelege for alle innbyggjarane i samfunnet. Vi betaler skatten vår til Skatteetaten.

Samtale: Kva er ein skatt i Janosch-bøkene? Er det ein type skatt?

Fortel: Noreg er ein velferdsstat. Ein velferdsstat er eit omgrep på eit land som, i tillegg til å sørge for tryggleiken til innbyggjarane, bidreg med ei rekke grunnleggjande gode som til dømes støtte til utdanning, trygd ved sjukdom eller fattigdom og pensjon.

Har de høyrte om NAV? NAV er ein etat som arbeider for arbeid, velferd og sosialtenester for innbyggjarane i Noreg. NAV er som eit sikkerhetsnett i Noreg. Sjå føre deg: Luftakrobatar på sirkus har eit sikkerhetsnett som reddar dei dersom dei fell. Slik er det også på eit vis med NAV. NAV vil bidra til at fleire ungdommar og vaksne kjem i arbeid, og at færre skal trenge økonomisk støtte. NAV vil sørge for at dei som treng det, er sikra inntekt og økonomisk tryggleik gjennom rett pengestøtte til rett tid.

Velferdsstaten er som eit sikkerhetsnett om vi møter økonomiske og helsetruande problem.

## Matematikk ute er inne

Matematikk i naturen frå Matematikksenteret:

<https://www.matematikksenteret.no/nn/l%C3%A6ringsressurser/barnehage/jakta-p%C3%A5-bokstavar-og-talsymbol-i-naturen>

## Tilleggsressursar

Lån seks av forteljningane av Janosch gratis som lydbok:

<https://www.nlb.no/boker/barn/dyr/med-tigern-og-bjornen-til-panama#>

Innlæring og utøving av vennskapssongen «Kom som du er»:

<https://nynorsksenteret.no/kom>

Innlæring og utøving av songen «Eg og du i sol og vind»:

<https://www.tunkatten.no/songbok/dyr-og-fuglar/>

Boktipset om Gjermund Gjerdesmett og andre føykne fuglar: <https://nynorskbok.no/aldersgruppe/barnehage/3til6/lisbeth-dreyer-og-per-ragnar-mokleby-gjermund-gjerdesmett-og-andre-foykne-fuglar/>